

Referat styremøte 10. april –08 i Samstyret for Myrkdalen -Landskapsparken-

Desse møtte: Terje Kvalfoss, Asbjørn Tveite, Jorunn Hirth, Anne Marit Skjervheim, Leif Gunnar Ure, Per Backer, Gudmund Furu

Sak 1 Økonomi: Har fått 50000 kr i tilskot frå Fylkesmannen si landbruksavdeling. Dette er om lag ein tre-del av søknadssummen. Ein lyt nok sjå seg om etter andre inntektskjelder, t.d. medlemspengar.

Sak 2 Brosjyren: Det er laga utkast til tekst i brosjyren. Annonsørar frå Myrkdalen kan få kjøpa seg lysing for 500 kr. Fjellandsbyen lagar og brosjyre, og det må samordnast med dei slik at ein ikkje lagar to ulike. Gudmund lagar tilbod til annonsørar. Ferdig utkast må ligga føre til neste styremøte. Brosjyren må vera ferdig til 1. juni.

Sak 3 Myrkdalsdagen: Fastsett til 12. juli. Gudmund lagar invitasjon til lokale aktørar om dei vil delta.

Sak 4 Turmarsjen Myrkdalen Rundt: Fastsett til søndag 8. juni. Marsjen går frå skulen – opp vegen til Mørkvestølen – Jesshaugen (lurer på om det er rett skrive)- Skjervheim – skulen. Servering undervegs + på skulen. Oppgåver undervegs.

Sak 5 Sosiale ”meetings”: Lagar til quis-kveldar til hausten i sept – okt og november. Tre personar på kvart lag der ein må vera under 15 år.

Sak 6 T-skjorter m/logo: tingar 150 stk, ulike storleikar, med landskapsparken sin logo framme og ”Myrkdalen – ei skapande bygd” på ryggen (grøn skrift). Logoen er laga av Anbjørg Backer.

Sak 7 Vedtektene vart delt ut til styret (vedtak på årsmøtet).

Sak 8 Tiltak for å få nye sambygdingar: Styret meiner at Voss Fjellandsby sit med nøkkelen til å få folk utanfrå til å flytta til Myrkdalen. Dersom dei bygger på tomtene dei har kjøpt, og samstundes kan tilby arbeid, kan det verta interessant for arbeidssøkande utanfor dalen. Skulen heng i ein ”tynn tråd”, og tilflytting av barnefamiliar vil hjelpa monaleg. Asbjørn og Jorunn lagar skriv på vegne av Samstyret om dette til Fjellandsbyen.

Neste møte : onsdag 7. mai kl 20.00 i ungdomshuset.

Møtet slutt

Referent Gudmund F.